

KONTROLLUTVALET I NORDDAL KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 13. oktober 2016
Møtestad: Rådhuset kl. 14.00

Møtet vart leia av: Gudmund Relling.

Elles til stades: Solveig Linge Stakkestad og Kjell Reidar Hoel

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.
Frå kommunerevisjon møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.
Frå Norddal kommune møtte økonomisjef Anne Nygård.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 12/16 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 31. MAI 2016

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 31. mai 2016 blir godkjent.

SAK 13/16 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL I NORDDAL KOMMUNE

Innstilling datert 05.10.2016 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Det blir utført ein kontroll av korleis kommunen forvaltar sine eigarinteresser.

.

SAK 14/16**DRØFTING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON I NORDDAL KOMMUNE**

Saksdokument datert 05.10.2016 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Følgjande tema blir å vurdere i den vidare planlegginga:

1. Byggesaksbehandling
2. Vedlikehald av kommunale bygg
3. Pleie- og omsorg utanfor institusjon

SAK 15/16**EIGENVURDERING AV UAVHENGIGHEIT FRÅ REVISOR**

Saksdokument datert 05.10.2016 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 16/16**OPPFØLGING AV SAK 11/16 OM MASSEDEPONERING OG PRAKTISERING AV ANBODSPRINSIPPET**

Saksdokument datert 05.10.2016 frå kontrollutvalsekretariatet

Økonomisjefen orienterte om massedeponeinga og skriftleg materiale hadde blitt oversendt kontrollutvalet. Det vart også gitt ei orientering om praktisering av anbodsprinsippet og skriftleg materiale hadde blitt sendt ut før møtet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering.
2. Praktisering av anbodsprinsippet blir å kome tilbake til.

SAK 17/16**DRØFTING AV K-SAK 051/16 OM AVTALE MELLOM NORDDAL KOMMUNE OG FJORDHAGEN AS**

Saksdokument datert 05.10.2016 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet har i møte 13.10.2016 drøfta saka.
2. Kontrollutvalet vil kome tilbake til saka seinast når ein samarbeidsavtale ligg føre.

Gudmund Relling
leiar
(sign.)

Solveig Linge Stakkestad
medlem
(sign.)

Kjell Reidar Hoel
medlem
(sign.)